

Uskedalen Utvikling var måndag med på tilskippinga på Husnes for dei som har flytta til Kvinnherad den siste tida.

Tal syner at om lag 200 har flytta til Kvinnherad siste året.
Det er eit høgt tal.

Kommunen saman med Kvinnherad Næringssservice inviterte til ei samling der 40 påmelde møtte fram. Kristian Bringedal frå Bygdeutviklingsprosjektet hadde innlegg om bygdemobilisering og fortalde om kva tilbod bygda har til tilflyttarar.

Vektlagde område var: Eit variert bustadtilbod, gode tenestetilbod med butikkar, post, skule og barnehage. I tillegg kjem eit variert næringsliv, båthamnar, camping og eit rikt kulturtilbod.

Bygdemobilisering er å skapa eit grunnlag for samhandling og samordning og på den måten styrkja identiteten på eit avgrensa geografisk område.

Uskedalen er ei bygd der ein så langt har lukkast i dette arbeidet.

Olai Blokhus vart tildelt den fyrste tilflyttarprisen som er utdelt i Kvinnherad.